**Frist: 01. nov 2011**
**Sendes til: postmottak@krd.dep.no**

# Slutt rapport BOLYST

**Til:** **KRD**

**Fra:** **Samnanger Kommune v/ Tone Tysseland Holmefjord tilsagnr: 10204008**

**Dato:** **27.10.11**

---

| | |
|---|---|
| **Kommune:** | **Samnanger Kommune** |
| **Prosjektnavn:** | **LivOGlyst i Samnanger: Kommune med bulyst søkjer folk med tiltakslyst!** |
| **Prosjektleder:** | Tone Tysseland Holmefjord |
| **Leder i styringsgruppen:** | Marit Brendbekken |
| **Kontaktperson i fylkeskommunen:** | Ole Øvretveit |
| **Forankring av prosjektet** (flere kryss er mulig) | a) Styringsgruppe X<br>b) Forankring i befolkningen X<br>c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X |
| **Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?** | Prosjektet har 5 delmål:<br><br>1. **Utsal for lokal mat på Bjørkheim.**<br><br>Samvirkelaget Laga SA er etablert med 8 andelseigarar og utsalet på Bjørkheim vart opna 11.februar 2011. Lokale småskala matprodusentar sel sine varer her. Utsalet har ope kvar fredag,laurdag og søndag. Handarbeidsprodusentar sel også sine varer i utsalet. Utsalet vert drive på dugnad og eit evt. overskot i samvirkelaget vert delt etter innsatsen frå kvar andelseigar. Utsalet har vorte populært for både bygdafolket og ikkje minst hyttefolket på Kvamskogen. Heimalaga mat er i vinden og folk betaler for gode smakar. Utsalet er vorte hovudinntekskjelda for 2 av matprodusentane og 1 har starta design av kjolar for born. I tillegg tar utsalet inn mat frå lokale produsentar frå heile Hordaland.<br>**Målet for prosjektet er nådd.**<br><br>2. **Elva opp: kulturhistorisk løype.**<br><br>Her har arbeidet vore konsentrert om ein treskoverkstad som har stått lukka sidan 1950 tallet. Me har leigd inn hjelp for å kartlegga produksjonslinja for treskoproduksjon. *Sjå vedlagt rapport.* I tillegg har dette tiltaket vore omtala i Vestlandsrevyen 19.09.11. |

http://www.nrk.no/nett-tv/indeks/278174/

I tillegg har me arbeida mykje med historisk dokumentasjon av alle husa som ligg langs denne elva. Treskoverkstad, smie, kvernhus, ishus og rotstove. Dokumentasjonen er delvis klar og me vil arbeida vidare med å få laga ein brosjyre om alt dette. Me har sett opp skilt med historisk informasjon ved kvart bygg og dette inngår i merking av turstiar i Samnanger.

**Målet for prosjektet er nådd.**

3. **Nordvikavatnet rundt: sti rundt eit vatn**

Her var målet å få laga ein sti rundt eit vatn. 7 grunneigarar er positive og me har rydda skog og funne ut kvar stien skal gå. Duk og grus er kjøpt inn, men me har ikkje fått lagt det ut pga mykje dårleg ver hausten 2011. Stien inngår i Elva opp sjå punkt 2. Historisk materiell er laga og skal inn i ein brosjyre seinare. Stien inngår i merking av turstiar i Samnanger.

**Målet for prosjektet er nådd.**



4. **Ungdom: konsertar for og med ungdom**

Me har skipa til 1 konsert for og med ungdom, videoverkstad for ungdom, skaterampe for ungdom, lyd/musikkproduksjons støtte til ungdom og støtta aktiv ungdom prosjektet. Me har ca 30 ungdomar som er aktive med innan musikk, dans, lyd/lys og skating.

**Målet for prosjektet er nådd.**

5. **Flyktningar og integrering: lokale samlingar**

Me har fått avtale med 6 grendalag om å skipa til 2 samlingar i løpet av 2011. Den fyrste samlinga var 1.oktober i Vonheim.Det møtte ca 40 personar. Her var det mat frå ulike nasjonar og musikk/underhaldning frå Bosnia. Neste samling er den 19.november. Her er tema dans og mat. Her er tilskipar Nordbygda ungdomslag. Me forventar ca 100 personar på denne tilskipinga. Prosjektet støttar tilskipingane med

| | |
|---|---|
| | stønad til underhaldning ,lysingar og mat.<br><br>**Målet for prosjektet er nådd.** |
| **Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?** | Me hadde 4 målgrupper for prosjektet:<br>**1.** Lokale bønder/produsentar for lokal mat og handverk i Samnanger og Hordaland.<br>Me har nådd dei som vil produsera noko enten mat eller handverk i Samnanger. Laga Sa er bindeleddet mellom desse og det kjem stadig nye produsentar som vil selja sine varer i utsalet på Bjørkheim. I tillegg har me nådd ein del frå andre plassar i Hordaland via Laga SA. **Målgruppa er nådd.**<br><br>2. Alle innbyggjarar i Samnanger og tilreisande.<br>Innbyggjarane lokalt når me og dei er positiv til dei ulike tiltaka som vert sett i gang. Tilreisande vil me nå i høve merking av turstiar og skilting av desse. **Målgruppa er nådd**.<br><br>3. Ungdom og flyktningar.<br>Ungdom arbeidar me med via kulturskulen, aktiv ungdom og musikkgrupper. Flyktningane har me nådd med tilskipingar der dei er invitert og samarbeid med folkehelsekoorinator/flyktningekonsulent. **Målgruppa er nådd**.<br>4. Lag og organisasjonar i Samnanger.<br>Det er inngått partnarskapsavtale med 6 grendalag og idrettslag som ynkjer å samarbeida om bulystprosjektet. I tillegg har me fått samarbeid med Samnanger Kunstlag,Samnanger Kameraklubb, Samnanger pensjonistlag, Rolvsvåg turlag, Vonheim revy og teaterlag og Antons Kulturhistoriske senter, mange lag og organisasjonar har bidratt aktiv i prosjektet. **Målgruppa er nådd.** |
| **Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak** | 1. Utsal for lokalmat på Bjørkheim er ferdig.<br>2. Avtale med grunneigarar om merking av turstiar og kulturløype er signert.<br>3. Avtale med 6 grendalag og idrettslaget er signert og aktivitetar som dei skal bidra på er avklart.<br>4. Ungdom har me nådd via aktiv ungdom og konsertar. |
| **Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan** | a) Følger opprinnelig plan med små justeringar og planen er gjennomført. Prosjektet vert avslutta. |
| **Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har** | a) Helt lokal effekt X<br>b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen.X<br>c) Effekten kommer i hele fylket X<br>d) Effekten kommer i eget og andre fylker |

| | |
|---|---|
| **prosjektet hatt/vil ha effekt?**<br>(Kryss av) | e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge<br>f) Vet ikke/ikke relevant |
| **Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet**<br>(max 250 ord) | 1. LivOGlyst prosjektet byrja med folkemøter der innbyggjarane kom fram til tiltak dei ynskja å arbeida med.<br>2. Desse tiltaka vart sett opp i ein plan som me har fylgt sidan.<br>3. Tiltaka vert fylgd opp av prosjektleiar og samarbeid med målgruppene for å få gjennomført tiltaka.<br>4. Eldsjeler innan dei ulike tiltaka har me hjelpt fram i høve kursing,motivasjon og samhandling.<br>5. Forankra politisk og administrativt. |
| **Overføringsverdi** for eksempel til andre lokalsamfunn | Måten me har arbeid på kan fint nyttast av andre. Ein må starta i bunn på grasrota for å få fram kva innbyggjarane er opptatt av, arbeida vidare med eldsjelene og visa at ting kan verta gjort om me arbeidar i lag. Enkelt men effektivt.Samhandling er stikkordet her. |
| **Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet** | Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?<br>Me har deltatt på bulystkonferansen i Skei i Jølster 7-8 april 2011. I tillegg har me vore vertskap for LUK samling 8.februar 2011. Dei fekk omvising i bygda og innsyn i prosessane som me har arbeida etter. |
| **Regnskap** (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene) | (see tables below) |

| Tiltak | Rekneskap | Budsjett |
|---|---|---|
| 1. Prosjektleiing | 299.218 | 275.000 |
| 2. Matutsal Bjørkheim | 305.507 | 295.000 |
| 3. Elva Opp | 150.000 | 150.000 |
| 4. Nordvikavatnet | 100.770,51 | 100.000 |
| 5. Ungdom | 100.000 | 100.000 |
| 6. Integrering | 62.513,25 | 50.000 |
| 7. Trivseltiltak | 110.000 | 110.000 |
| 8. Dugnad | 150.000 | 150.000 |
| 9. SUM | 1.278.009 | 1.230.000 |
| | | |
| | | |

**Finansiering**

| | | | |
|---|---|---|---|
| KRD bulysttilskot | 600.000 | | |
| LivOglyst 2011 | 120.000 | | |
| Samnanger kommune | 125.000 | | |
| Samnanger kommune tilskot | 55.000 | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørnefjorden næringsfond tilskot | 40.000 | | |
| Dugnad | 150.000 | | |
| Hordaland fylkeskommune RUP 2011 | 150.000 | | |
| Samnanger kommune meirbruk | 38.009 | | |
| | | | |
| Sum | 1.278.009 | | |

| | |
|---|---|
| **Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under?** (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig) | a) Stabilisere eller øke befolkningen<br>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X<br>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X<br>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne<br>e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X<br>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) X<br>g) Styrke regionale sentra<br>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X<br>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X |
| **Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt** (maks 250 ord) | 1. Utsal for lokal mat vert vidareført via Laga SA.<br>2. Elva opp vert tilrettelagt med skilting og informasjon. Vedlikehald av skilt vert ivaretatt av kommunen.<br>3. Nordvikavatnet rundt vert ivaretatt av grunneigarane. Vedlikehald av skilt vert ivaretatt av kommunen.<br>4. Ungdomstiltaket vert avslutta med Bulyst, men me håpar at lag/organisasjonar vil ha fokus på ungdomen som ein ressurs i laga.<br>5. Flyktningar og integrering med samlingar vert avslutta med Bulyst. Dei vert ivaretatt av kommunen og ellers i lokalsamfunnet. |

Revisjonsrapport frå Deloitte vert sendt som vedlegg til denne rapporten.

27.10.11
Tone Tysseland Holmefjord